

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV OKTOBER 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdager i oktober:

Sigbjørn Haddal 03.10

Karl Johan Brandal 16.10

Trygve Riise 31.10

100%frammøte i oktober 2004:

Ingar Bigset, Hallkjell Dahle, Håkon Eidsvik, Johs. J. Hareide, Bjørn Teigene, Jarle Klungsøyr, Arve Røyset, Svein J. Flø, Karl Johan Brandal, Sigbjørn Haddal, Otto Holstad, Odd Arne Holstad, Trygve Riise, Elias Sellevoll, Åge Nytun, Jan Rise, John Stennes

Frammøte 76,6%

I MIN FADERS HUS

(frå **Dropar i austavind**, 1966)

I min Faders hus er der mange rom.

Og mange er dørene inn.
Kva tropp skal du krjupa,
kva tåror lyt du fella,
kva klokke skal du ringja,
skal du bruka sleggja eller slå,
knokane til blods?

Opnar dei seg berre for
hornblåst og trumpetstøyt?

Det kjem ei stund
då dørene svingar på jarni, du veit
ikkje

um ei slik stund kjem att.

Men Odin slepte taket i båtkvelven,
og Romeo und Julia auf dem Dorfe
siglde inn i himmelen på ein
høystakk.

Olav H. Hauge

REFERAT MØTE OKTOBER 2004

04.10:

Med ein varm velkomst – med ei lita god historie – vart vi ynskt velkomne av president Ingar Bigset. Deretter song vi ”Blant alle lande”.

Presidenten orienterte vidare om ei Rotary samling på Sjøholt, dei som ynskte å reise til Sjøholt måtte snarast melde seg.

Kveldens program: Fagsjef i Gjensidige Nor, Dagfinn Ratvik, med emnet: skadeførebygging. Ratvik orienterte på ein god måte om korleis ein best mogeleg kunne sikre sin bustad eller sitt industribygg mot brann. Det var mange gode ”tips” til oss alle, så kanskje blir både oss og våre bygg litt tryggare etter dette. Ratvik overleverte også til klubben som gav 2 pulverapparat og 2 røykvarslarar. Dette er meint å ha til utloddning, det vil nok gi nokre kroner til vår ”slukne” kasse. Takk til Ratvik for ein interessant kveld.

11.10:

Presidenten opna møtet. Som vanleg leia Arne G. oss trygt gjennom kveldens song. Kveldens program: 3 tilsette ved Via Feriereiser informerte om nye reisemål.

Særleg vart Cuba nemnt som eit nytt og spennande reisemål. Trur nok at mange såg føre seg ein tur til Cuba og Havanna. Elles var det mange spørsmål og stor interesse, det er tydeleg at reiselysta er stor. Takk til Via Feriereiser.

Presidenten orienterte så om komande røyrafest med guvernør besøk. Presidenten minte også forsamlinga om neste møte: krabbe- og rekefest!

18.11:

Etter presidenten sin velkomst og kveldens allsong (under Arne G. sin for song), ynskte kameratskap komiteen velkomne til veldekka bord med krabbe og reke som det viktigaste.

Men først fekk vi framføring av dikt ved Hans Gisle og Irene. Takk til begge, det kvikka opp i ein ”sur ” haustkveld. Det var

tydeleg at skaldyr med ”tilbehør” fall i smak.

Med livleg prat og gode historier gikk denne ”feststunda” altfor fort. Takk til dei som hadde laga til, og for det gode måltidet.

25.11:

Som vanleg var månadens siste møte programfritt. Etter song og velkomst orienterte presidenten om at på neste møte ville Hareid sin deltakar i Olympiske leikar, Trine Pilskog, stå for kveldens program. Kveldens gjest: Vegard Gjerde. Gjerde er opphavleg frå Hareid, men bur i dag på Svalbard og er medlem i klubben der.

Det er tydeleg at dei programfrie kveldane er populære, livleg prat og gode historier rundt alle bord – dette er også ein viktig del av Rotary.